



Scene frå spelstykket Skjærgårdsflirt, Magne Eik(f.v.), Harald Raudstein, Hans R. Kjærland og Asbjørn Rød

17.oktober vil ungdomslaget blåsa nytt liv i den gamle og populære tradisjonen med haustfest i ungdomshuset Helgheim. Desse festane frå 35 -40 år og mykje meir tilbake i tid vekker nok mange gode og kjekke minne hos den eldre garde i bygda. Då var det alltid kjåka fullt og svært god stemning blant publikum som hadde stor spreing i alder; - frå konfirmantar til pensjonistar.

No er det godt håp om at ein igjen skal få oppleva den gode gamle haustfeststemninga. Interesse er der i alle fall. Alt før billettsalget er opna, er påmeldingane byrja å koma inn til arrangørnemnda.

Haustfesten 2015 skal ha same ramma som dei gode, gamle haustfestane. Først eit godt og rikhaldig program i hovudsalen før det vert matøkt i kjellaren. Etter maten vert det dans til uti dei små timar. Som tidlegare får barn vera med på den første delen.

På dei gamle haustfestane var ofte skodespel ein viktig del av programmet. På den tida hadde ungdomslaget ei svært aktiv teatergruppe. Derfor har eg henta fram bilete frå 2 av spelstykkane frå arkivet. Dei vil nok truleg føra til mimring i mang ein heim. Kva som vert programmet på årets fest, vil nok nemnda snart gjera kjent. Vi gleder oss i alle fall til å oppleva haustfest i Helgheim att!!

Fleire bilete finn de ved å [søkja her](#).



Desse spela i Skjærgårdsflirt(1979): Framme, f.v., Bjørgulv Eik, Anne Lise Øyrehagen, Asbjørn Rød, Møyfrid Einan Kristoffersen og Hans Reidar Kjærland. Bak, f.v., Inger Lise Eidsvik, Magne Eik, Kirsten Rød og Harald Raudstein.



Frå Lars Anders, Jan Anders og borna deira: Anne Gurine Bringedal(f.v.), Inger Lise Eidsvik, Edvin Kjærland og Gunnvald Friheim.



Desse 13 spela i Lars Anders, Jan Anders og borna deira(1978): framme f.v., Harald Sunde og Anne Gurine Bringedal. Rekke 2: Geir Eik, Kirsten Rød, Gunnvald Friheim, Inger Lise Eidsvik, Edvin Kjærland og Margit Eik. Bak: Kristian Bringedal, Solbjørg Eik Kalve, Ivar Kåre Døsland, Inger Johanne Rød Vågen og Bjørgulv Eik.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland.